



**Styre:** Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

**Dato:** 25.01.2018

**Styresak:** 1/18

**Arkivsaksnr:** 2011/3733-ARTH

**Møtedato:** 06.02.2018

---

## Fakultetsvalstyrets evaluering av valet vår 2017

---

Dokumentasjon: [Valreglement ved UiB](#)

### Bakgrunn

Fakultetsvalstyret blei etter dekan- og fakultetsstyrevalet våren 2017, bedt av fakultetsledelsen om å evaluere valet.

Vedlagt følger valstyrets evaluering.

Medlemmane i valstyret våren 2017 var: Jørgen Bakke, gruppe A, leiar, Ingvar Brandvik Mæhle, gruppe A, nestleiar, Trine Krigsvoll Haagensen, medlem, gruppe B, Mette Dalhaug, medlem, gruppe C og Fredrik Kolstad Rongved, medlem, gruppe D.

[Referat frå møta i valstyret](#) og protokoll ligg på fakultetet sine nettsider.

### Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret tek valstyrets evaluering til orientering.

Jørgen Magnus Sejersted  
dekan

Kim Ove Hommen  
fakultetsdirektør

Vedlegg: Valstyrets evaluering av dekan/fakultetsstyrevalet vår 2017

## Valstyrets evaluering av fakultetsstyret - vår 2017

Eit generelt inntrykk er at valet gikk relativt greit, og om lag som dei siste åra. Vi fekk kandidatar til både dekanat og alle plassane i fakultetsstyret innan fristen - med unntak av studentrepresentantane. Der manglar det 4 vara – og dei er avtalt supplert ved HSU til hausten.

Men på vegne av demokratiet skulle vi gjerne sett at det var fleire kandidatar – både til dekanat og fakultetsstyremedlemmar. Også siste periode (2013-2017) var det berre eitt forslag til dekanat. Det er teikn som tyder på at store deler av gruppe A-miljøa ved fakultetet jobbar i forkant for å samle seg om berre eitt forslag – om den som «står for tur» og seier ja - slik at det ikkje blir nødvendig med reelt val. Eit anna forhold er kanskje at den dårlege økonomiske situasjonen for HF skremmer folk frå å stille til verv – fordi det blir vanskeleg å unngå konfliktfylte tiltak for å rette opp dette. Alle skal jo tilbake til miljøet sitt når perioden er over.

Men - tross alt - så hadde både gruppe A på LLE og gruppe C fleire fakultetsstyre kandidatane enn minimum denne gongen (LLE 2 over, og gruppe C 1 over).

Ei aktuell metode for å få fleire kandidatar er å gi motiverte personar mulegheit til å føreslå seg sjølv – utan underskrifter frå andre. Det gjorde vi for studentane i år (modell frå det sentrale valstyret). Fordi det ikkje kom inn nok forslag innan fristen, måtte valstyret sørge for supplering ([valreglementet §10.3, 3. setning](#)). Vi utvida då fristen til 20. mai og informerte om at det var mogleg å føreslå seg sjølv. Etter det fekk vi nok studentkandidatar (3), og ein vara.

Når det gjeld dekanatkandidatar, vil valstyret gjerne høyre fakultetsstyret sitt syn på om metoden med å føreslå seg sjølv skal prøvast også i dekanatvalet. Det kan tenkjast at ein på denne måten kan få fram fleire alternativ - nokon av dei som ikkje er ein del av nettverket som trengs for å bli føreslått på vanleg måte. Der er minst eitt argument mot denne løysinga for dekanatvalet, til dømes at det blir ekstra vanskeleg å styre fakultetet dersom ein har mindre aktivt støttenettverk enn dei 5 underskriftene som er minimum no for å fremje eit forslag.

Til neste val – på mellombels tilsette og studentar vår 2018 – vil valstyret kome med framlegg om at vi let personar føreslå seg sjølv som medlem i fakultetsstyret utan andre underskriftar .

Røysteprosentane varierte frå 71,88 % til 29,91 % for dei tilsette - noko vi ser som akseptabelt - men den var berre 1,79% for studentane. Det er altfor lavt, og vi har planlagt tiltak for å auke interessen før neste val. Det var høgst røysteprosent der vi hadde flest kandidatar å velje mellom (LLE og gruppe C):

LLE gruppe A, 71, 88 % i gruppa røysta.

IF gruppe A, 48,89%.

FoF og AHKR føreslo liste - val i fakultetsstyret.

gruppe C, 51,16%,

gruppe B, 29,91%,

studentane 1,79%.

Kunngjering av valet på dekanat og fakultetsstyre blei lagt inn på framsida av fakultetet sine nettsider og på Mitt UiB, med e-post-informasjon og fleire påminningar til institutt/sentre/HSU. Metoden ser ut til å fungere rimeleg bra for tilsette – men tydelegvis ikkje tilstrekkeleg for studentane.

Før kunngjering hadde fakultetsstyret bestemt at dekan/prodekan skulle veljast blant alle tilsette i gruppe A ved fakultetet ([valreglementet §28.1, siste setning](#)).

Presentasjonsmøtet for dekanatkandidatane fungerte godt – det var bra oppmøte og god kommunikasjon mellom kandidatane og publikum om aktuelle spørsmål.

28.07.17

## Valstyret

Jørgen Bakke (leiar, gruppe A)

Ingvar Brandvik Mæhle (nestleiar, gruppe A)

Trine Krigsvoll Haagenen (medlem, gruppe B)

Mette Dalhaug, (medlem, gruppe C)

Fredrik Kolstad Rongved (medlem, gruppe D)

Arnhild Thorseth, sekretær